



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 17

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i NATO i 2009





DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 17

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i NATO i 2009

Innhald

1	Vurderingar og framtidsperspektiv	5	7.1.2	Partnerskapslanda på Vest-Balkan (Serbia og Bosnia-Hercegovina)	22
2	Eit nytt strategisk konsept	9	7.2	Samarbeidet med Ukraina	23
			7.3	Samarbeidet med Georgia	24
3	NATO-operasjonar og norsk engasjement	10	8	Partnersamarbeidet	25
3.1	Afghanistan (ISAF)	10	8.1	Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)	25
3.2	Sjørøveri – Afrikas Horn.....	12	8.2	Samarbeidet med vesteuropeiske og nordiske partnarar	25
3.3	NATO-operasjonen i Middelhavet (OAE)	12	8.3	Samarbeidet med Middelhavslanda og Midtausten	26
3.4	Kosovo (KFOR).....	13	8.4	Globale NATO-partnarar	26
3.5	Irak	13	9	Samarbeidet med andre organisasjonar	27
3.6	Resolusjon 1325 frå FN's tryggingråd om kvinner, fred og tryggleik	14	9.1	Samarbeidet med EU	27
4	Sivilt-militært samarbeid – ei heilskapleg tilnærming	15	9.2	Samarbeidet med FN.....	27
			9.3	Samarbeidet med AU	27
5	Trygging utfordringar	16	9.4	Samarbeidet med OSSE.....	28
5.1	Missilforsvar	16	10	Militær omforming	29
5.2	Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing	17	11	NATO-reform	30
5.3	CFE-avtalen.....	18	Vedlegg		
5.4	Energitryggleik	18	1	Final Statement	31
5.5	Vern mot dataangrep	19	2	Declaration on Alliance Security	34
6	Samarbeidet med Russland	20	3	Summit Declaration on Afghanistan..	36
7	Forholdet til statane på Balkan, Ukraina og Georgia	22	4	Statement on Afghanistan.....	38
7.1	Balkan	22	5	Strasbourg / Kehl Summit Declaration	40
7.1.1	Makedonia og Montenegro	22			



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 17

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i NATO i 2009

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 21. mai 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Vurderingar og framtidsperspektiv

Toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april prega arbeidet i NATO i 2009. Stats- og regjeringssjefane vedtok å setje i gang utarbeidinga av eit nytt strategisk konsept for alliansen og valde Danmarks tidlegare statsminister Anders Fogh Rasmussen til ny generalsekretær.

Den nye generalsekretæren etablerte raskt tre prioriterte satsingsområde: innsatsen i Afghanistan, forholdet til Russland og reform av NATO-organisasjonen. Arbeidet med det nye strategiske konseptet vart starta straks etter at Fogh Rasmussen var utnemnd.

Endringane i den globale tryggingssituasjonen gjennom det siste tiåret har ført til ein gjennomgripande debatt i NATO om framtida for alliansen. Det nye strategiske konseptet til alliansen vil verte ein viktig milestolpe i den kontinuerlege utviklinga av NATO når det vert vedteke på toppmøtet i Lisboa i november. Det vil bli ståande som ein hovudreferanse for verksemda i NATO gjennom tiåra som kjem. Det gjeldande strategiske konseptet til alliansen vart vedteke på toppmøtet i Washington i 1999.

Diskusjonen om framtida for NATO gjeld både oppgåvene til alliansen og plassen han skal ha i forhold til andre internasjonale aktørar. Noreg er ein aktiv alliert, og under arbeidet med konseptet prioriterer Regjeringa ein reduksjon av rolla kjerne-

våpna spelar i NATO, forholdet mellom alliansen og Russland og arbeidet for å gjere alliansen meir relevant i medlemslanda. Det er viktig å finne den rette balansen mellom NATOs oppgåver på eige territorium og operasjonar utanfor eige område.

Rolla alliansen spelar som det sentrale transatlantiske forumet for tryggingpolitisk konsultasjon og samarbeid, er framleis, saman med føresegnene i Atlanterhavspakta om gjensidig bistand ved angrep, den grunnleggjande føresetnaden for Noregs NATO-engasjement.

Parallelt med utviklinga av det nye konseptet har alliansen innleidd ein gjennomgripande reformprosess som omfattar alle sider av verksemda til NATO, frå arbeidsrutinar og samarbeidsstrukturar i hovudkvarteret til kommandostruktur og prosedyrar for ressursallokering. Dei to prosessane vil i stadig sterkare grad bli sedde i samanheng fram mot Lisboa-toppmøtet.

NATOs kjernevåpenpolitikk fekk ny merksemd i 2009 etter at talen president Obama heldt i Praha, førte til eit taktskifte i den internasjonale diskusjonen om kjernefysisk nedrusting. Dette er svært positivt sett med norske auge.

Den amerikanske presidenten har sidan følgd opp gjennom å ta initiativet til eit eige toppmøte om kjernefysisk nedrusting og ikkjespriing i tryggingrådet i FN 24. september 2009, slutføre for-

handlingane med Russland om den nye START-avtalen og underteikne han 8. april 2010 i Praha, godkjenne USAs nye atomvåpenpolitikk («Nuclear Posture Review») same månaden og gjennomføre eit internasjonalt toppmøte om atomtryggleik i Washington 12.–13. april.

Desse utviklingstrekk vil kunne bidra positivt til NPT-tilsynskonferansen i mai 2010 og ikkje minst i arbeidet med eit nytt strategisk konsept for alliansen.

I NATO har det norsk-tyske nedrustingsinitiativet frå 2007 bidrege til ein diskusjon om engasjementet i alliansen for nedrusting. Noreg held fast på det sterke fokuset i dette spørsmålet og arbeider aktivt for at nedrustingsperspektivet skal få ein sentral plass i det nye strategiske konseptet. Det er aukande oppslutning om dette blant allierte. Frå norsk side har vi òg teke til orde for at kjernevåpna må spele ei mindre rolle i strategien til alliansen. Også dette synspunktet har fått tilslutning, men enkelte allierte har vore skeptiske til endringar i avskrekkingdoktrinen til NATO. Noreg ser det som svært viktig å bidra til at det nye strategiske konseptet finn ein god balanse mellom desse to omsyna. Det vil vere i samsvar med den rådande internasjonale stemninga for ein reduksjon av rolla atomvåpna spelar i tryggingpolitikken.

Det nye missilforsvarskonseptet til USA, som er basert på ei fasevis utbygging tilpassa utviklinga i trusselbildet, vart godt motteke av dei allierte. Etter at dei nye planane vart lagde fram i september 2009, har NATO gjennomført omfattande utgreiingar av dei teknologiske og budsjettmessige implikasjonane. Dette arbeidet skal vere slutført før toppmøtet i Lisboa og vil vere ein viktig del av grunnlaget for ei politisk avgjerd om det skal etablerast eit NATO-omfattande missilforsvarssystem.

Russland var òg i utgangspunktet nøgd med at president Obama ikkje vidareførte planane til Bush-administrasjonen om utplassering av avskjeringsmissil i Polen og radaranlegg i Tsjekkia. Men haldninga til russarane vart meir negativ etter kvart som fasane i utviklinga av systemet vart tydelegare. Dei russiske innvendingane byggjer truleg i første rekkje på geopolitiske omsyn og er eit uttrykk for at russarane ikkje ønskjer denne typen installasjonar i tidlegare austblokkland. USA og Russland har kontinuerleg kontakt om dette spørsmålet. President Obama har med støtte frå dei europeiske allierte uttalt eit ønske om å samarbeide med Russland om missilforsvarsplanane. Så langt har ein på russisk side ei avventande haldning til dette. Det står att å sjå om underteikninga av den nye START-avtalen vil styrkje den gjensidige tilliten òg i dette spørsmålet.

NATO tok i 2009 opp att samarbeidet med Russland i NATO-Russland-rådet (NRC), etter at dette vart mellombels suspendert som følgje av krigen mellom Russland og Georgia i 2008. Uvisse og stemningsskifte prega dialogen gjennom 2009 og inn i 2010. Medan Russland og NATO-landa på utanriksministermøtet i desember 2009 greidde å verte samde om å utarbeide felles trusselvurderingar, offentleggjorde Moskva i byrjinga av 2010 ein ny militærdoktrine der mellom anna ei vidare utviding av NATO vert peikt på som ein fare for Russland, med referanse til at alliansen er til stades tett ved grensene til landet, og til utvidingspolitikken til NATO.

Mange russiske utspel – mellom dei to traktatutkast med sikte på ei nyorganisering av det tryggingspolitiske samarbeidet i Europa – har bidrege til at det er uklart kva ønske og mål Russland har for samarbeidet med NATO. Under utanriksministermøtet i Brussel i desember 2009 vedtok utanriksministrane i NATO-landa og den russiske kollegaen deira, Sergej Lavrov, likevel å fornye NRC-samarbeidet både i innhald og form, til dømes gjennom ei trusselvurdering og reform av NRC-komiteane. Russland gav i 2009 uttrykk for vilje til auka samarbeid med NATO om Afghanistan, men omfanget av samarbeidet er foreløpig nokså avgrensa.

Noreg held fast på engasjementet for å styrkje dialogen mellom NATO og Russland. Generalsekretær Anders Fogh Rasmussen har med sitt raske og tydelege initiativ for å styrkje partnerskapen mellom alliansen og Russland markert ei klar haldning som Noreg støttar og oppmuntrar. Andre allierte har likevel ei langt meir avventande haldning til ei vidareutvikling av det politiske og praktiske samarbeidet med Russland. Dette gjer det vanskeleg og tidkrevjande å kome fram til samlande løysingar internt i alliansen.

Spørsmålet om korleis ein skal handtere forholdet til Russland, vil difor truleg vere eit av dei mest utfordrande for alliansen den næraste tida.

Utviklinga i Afghanistan har i 2009 kravd omfattande nytenking i NATO, både når det gjeld innretninga på og omfanget av innsatsen. I utgangspunktet er det brei oppslutning om engasjementet i Afghanistan. Den negative utviklinga i tryggingssituasjonen, særleg i siste halvdel av 2009, har likevel ført til aukande uro i opinionen i enkelte medlemsland.

Hausten 2009 gjennomførte USA og ISAF ei tilpassing av strategien, der det i tillegg til ein forsterka og betre tilpassa militær innsats vert lagt større vekt på behovet for sivil gjenreising og utvikling. Eit sentralt element i NATO-strategien er dess-

utan å styrkje støtta til oppbygging av afghanske tryggingstinstitusjonar, i første rekkje den afghanske hæren og i nokon mindre grad politiet. Denne innsatsen vil i monaleg grad bidra til at ansvaret for varetaking av tryggleiken i Afghanistan gradvis kan overførast til afghanske styresmakter. Omlegginga av strategien og det styrkte samarbeidet med afghanske styresmakter bidrog til forsiktig optimisme i alliansen utover hausten 2009. Det er likevel ei brei erkjenning av at ein vil oppleve tilbakeslag, og at NATO framleis vil vere engasjert i Afghanistan i mange år framover. Med bakgrunn i den planlagde ansvarsoverføringa vil rolla til ISAF likevel gradvis endrast til meir vekt på mentorering, partnering og støtteoperasjonar. På sikt vil dette også føre til reduksjon i styrkar til ISAF.

Sivilrepresentanten frå NATO i Afghanistan fått utvida funksjonar. Frå norsk side har det vorte lagt vekt på at sivilrepresentanten i samarbeid med FN primært må arbeide for å styrkje den heilskaplege tilnærminga til utfordringane i Afghanistan.

Innsatsen i Afghanistan har i praksis demonstrert kor viktig det er at NATO vidareutviklar samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar og med relevante sivile aktørar. Sivilt-militært samarbeid, samordna innsats og ei føremålstenleg arbeidsfordeling frå det internasjonale samfunnet er ein føresetnad for varige løysingar på konflikhtar med utgangspunkt i statar med svak kontroll frå styresmaktene og manglande etterleving av rettsstatsprinsipp. Det er såleis gledeleg at stats- og regjeringssjefane under toppmøtet i Strasbourg/Kehl understreka at NATO på generell basis skal styrkje innsatsen for ei reell, heilskapleg tilnærming som utgangspunkt for operasjonane sine og samarbeidet med andre aktørar. Den primære rolla til NATO vil innanfor ramma av ei slik heilskapleg tilnærming vere å skape den tryggleiken og stabiliteten som er nødvendig for å kunne gjennomføre gjenreising og utviklingsarbeid.

Noreg og Estland tok hausten 2009 initiativ til at NATO følgjer opp FN-resolusjon 1325 «Kvinner, fred og tryggleik» i alle operasjonsplanar og i heile verksemda elles.

Det er viktig at andre organisasjonar og aktørar frå det sivile samfunnet ser på rolla til NATO som vesentleg og konstruktiv. Som medlem av NATO, men ikkje av EU, er det i norsk interesse at desse to organisasjonane etablerer eit nært samarbeid om konfliktløysing. Noreg arbeide i 2009 aktivt for å bidra til dette. Den fastlåste situasjonen kring Kypros-spørsmålet var òg i 2009 hovudproblemet for å betre forholdet mellom NATO og EU.

Partnersamarbeidet får stadig større tyding for NATO, også fordi mange partnerland yter vesent-

lege bidrag til NATO-operasjonane i Afghanistan. Sverige og Finland er eksempel på dette.

Få nye land vil i dei komande åra søkje medlemskap i NATO. Dette gjev partnerskapspolitikken ein ny dimensjon. Der søkjarlanda tidlegare var innforståtte med NATO-krava om tilslutning til og praktisering av dei verdiane og normene som gjeld i alliansen, vil land som ikkje søker medlemskap, ikkje nødvendigvis ha same haldninga. For NATO vil utfordringa vere å skape partnerskap som bidreg til regional og allmenn stabilitet. NATO ønskjer størst mogeleg grad av politisk dialog med partnerlanda parallelt med tekniske samarbeidsavtalar.

Utvidingspolitikken til NATO ligg fast, og døra står framleis open for europeiske land som viser vilje og evne til å oppfylle dei krava NATO stiller, og som kan bidra til felles tryggleik og stabilitet. Med Albania og Kroatia som nye medlemmer står det att fire land på Balkan. Makedonia får tilbod om medlemskap så snart namnestriden med Hellas er løyst. Montenegro og Bosnia-Hercegovina er tildelt status som søkjarland, men Bosnia-Hercegovina på det vilkåret at iverksetjinga vert utsett inntil forsvarseigedommane i landet vert registrerte som statseigedom. Montenegro er tildelt status som søkjarland. Serbia ønskjer så langt ikkje ei nærare tilknytning til alliansen. Bosnia-Herzegovina fekk tildelt søkjarlandsstatus under det uformelle utanriksministermøtet i Tallinn 22.–23. april 2010. Noreg meiner det vil gje auka stabilitet på Balkan når Bosnia vert trekt nærare NATO. Ukraina har etter valet lagt søknaden på is, men held fram med å samarbeide med NATO. Georgia ønskjer framleis medlemskap og arbeider målretta med dette for auge. Sjølv om toppmøtet i Bucuresti i 2008 vedtok at Georgia skal bli medlem i NATO, er det framleis uvisst kva tid dette kan skje.

Uavhengig av tilknytingsforma dei har til alliansen, vil dei mange partnerane NATO etter kvart har fått, ønskje samarbeid og informasjon om den til kvar tid rådande tryggingspolitiske situasjonen. Korleis dette skal gå føre seg, og i kva former, er spørsmål som i aukande grad opptek medlemslanda. Tryggingspolitiske konsultasjonar er ein viktig tillitsbyggjande reiskap.

Det er mange uavklarte spørsmål rundt det endra trusselbiletet og dei «nye truslane». Diskusjonen i alliansen dreier seg primært om kva utviklingstrekk som vil vere mest relevante for NATO, og i kva grad nye truslar vil krevje nye former for samarbeid med andre aktørar. I første rekkje dreier dette seg om spørsmål som klimaendringar og massemigrasjon, men òg om ulike former for terrorisme og digitale angrep. Trygging av kritisk

energiinfrastruktur er eitt viktig område som vil krevje stor merksemd både frå allierte, partnarar og andre internasjonale organisasjonar.

Nye tryggingstruslar vil verte tekne opp under utarbeidinga av det nye strategiske konseptet. Tendensen går i retning av å halde fast på ein praksis som tek utgangspunkt i at artikkel 5 i Atlanterhavspakta berre vert utløyst ved væpna angrep på eit medlemsland, medan artikkel 4 om konsultasjonar i situasjonar som enkeltland opplever som truande, vil verte brukt meir enn til no. Utsegner som «høg terskel for artikkel 5, låg for artikkel 4» høyrer ein ofte i debatten om NATOs nye strategiske konsept.

For at NATO framleis skal oppfattast som relevant av folk i medlemslanda, må det ikkje herske tvil om at alliansen framleis har evne til å handtere heile breidda av trygging utfordringar. NATO må òg i framtida vere i stand til å gje medlemslanda den tryggleiken som ligg i artikkel 5 i Atlanterhavspakta om gjensidig bistand ved væpna angrep. Det er svært viktig at medlemslanda ser at dei grunnleggjande tryggingssinteressene vert varetekne gjennom beredskapen og innsatsen i NATO, anten truslane oppstår i nærområda eller fjernt frå grensene til det enkelte landet.

I vårt eige nærområde har spørsmål som gjeld utviklinga i nordområda og rolla NATO speler, fått

auka merksemd. Regjeringa har lagt vekt på at ei rolle for NATO i nord må bidra til å bevare nordområda som ein region der innsyn, internasjonalt samarbeid og stabilitet pregar situasjonen. Noreg har framheva verdien av regionale samarbeidsfora, i første rekkje Arktisk råd. Dette synet har brei oppslutning i alliansen.

Gjennom ei realistisk tilnærming og inkluderande haldning overfor alle allierte har Noreg fått godt gjennomslag for ei rekkje av våre synspunkt i NATO. Noreg har med nærområdeinitiativet fått gehør for at ein må balansere evna NATO har til å drive operasjonar langt unna, med behovet for å kunne sikre på truverdige vis at kjerneoppgåva til NATO, kollektivt forsvar, vert varetaken. Likevel vil debatten framover by på store utfordringar for alliansen og for oss. Ei av dei vil vere å sikre samhald og konsensus mellom allierte i ei stadig meir samansett geopolitisk verd.

Det vil vere ei viktig oppgåve for Noreg og dei andre europeiske medlemslanda å bidra til at NATO framleis er relevant for USA og vert sikra som konsultasjonsforum – at alliansen held fram å vere det viktigaste forumet for transatlantisk tryggingpolitisk drøfting og samarbeid for alle medlemslanda.

2 Eit nytt strategisk konsept

Toppmøtet i Strasbourg/Kehl markerte i april 2009 60-årsjubileet til alliansen. Stats- og regjeringssjefane vedtok ei erklæring om tryggleiken i alliansen som grunnlag for arbeidet med NATOs nye strategiske konsept. Dokumentet skal etter planen underteiknast på toppmøtet i Lisboa i november 2010 og vil erstatte dagens strategiske konsept frå 1999.

Det nye strategiske konseptet skal peike framover og gje retninga for arbeidet i NATO. Parallelt går NATO gjennom ein reformprosess med sikte på å effektivisere både ressursbruken og arbeidsprosessane ved hovudkvarteret.

Erklæringa om tryggleiken i alliansen frå Strasbourg/Kehl slår fast kva som er kjerneverdiane, måla og pliktene til alliansen. Det kollektive forsvaret og den udelelege tryggleiken ligg fast, slik Atlanterhavspakta og FN-charteret etablerte desse prinsippa i 1949. NATO er det viktigaste transatlantiske forumet for tryggingspolitiske konsultasjonar.

Nye globale tryggingsutfordringar krev nye svar. Terrorangrepa mot USA, engasjementet i Afghanistan og auken i talet på medlemsland i alliansen frå 16 til 28 viser korleis NATO har endra seg dei siste ti åra.

Erklæringa om tryggleiken i alliansen peiker på at NATO må styrkje samarbeidet med andre internasjonale aktørar, særleg FN, EU, OSSE og AU. Forholdet til partnarlanda bør vidareutviklast med utgangspunkt i at dei færraste av dei noverande partnarlanda tek sikte på å søkje medlemskap i NATO.

Den nye generalsekretæren i NATO, Anders Fogh Rasmussen, tiltredde stillinga i august og hadde då allereie sett i gang arbeidet med å utvikle

eit nytt strategisk konsept slik generalsekretæren fekk i oppdrag av toppmøtet i Strasbourg/Kehl. I løpet av sommaren oppnemnde generalsekretæren ei ekspertgruppe under leiing av den tidlegare utanriksministeren i USA, Madeleine Albright. Rapporten frå gruppa vil danne noko av grunnlagsmaterialet når medlemslanda utover hausten 2010 skal kome fram til ein tekst dei kan samlast om.

Det har difor vore viktig for Noreg at NATO-rådet skal konsulterast og haldast involvert gjennom heile prosessen. Det er vesentleg at heile alliansen står bak det nye strategiske konseptet. Det har vorte lagt vekt på ein open og transparent prosess.

Arbeidet er delt inn i tre fasar. Den første, refleksjonsfasen, omfatta ein serie seminar om tema som vert sentrale i det nye strategiske konseptet. Fase to var ein konsultasjonsfase der hovudstadene i NATO-landa fekk høve til å fremje nasjonale synspunkt overfor ekspertgruppa. I den tredje fasen, forhandlingsfasen, skal dei allierte forhandle seg fram til semje om teksten, med sikte på underteikning under toppmøtet i Lisboa. Det er eit mål at det nye strategiske konseptet skal vere kortfatta og lett forståeleg.

Noreg var vertskap for eitt av fire seminar i den første fasen. 14. januar 2010 møttest ekspertgruppa, høgtstående representantar frå alle NATO-land og partnarland i Oslo. Forskingsmiljø, tanke-smier, frivillige organisasjonar og mediefolk deltok òg. Frå norsk side var både utanriksministeren og forsvarsministeren med. Diskusjonane omfatta framtidig NATO-utviding, dei ulike NATO-partnar-skapa og forholdet til Russland.

3 NATO-operasjoner og norsk engasjement

3.1 Afghanistan (ISAF)

Utviklinga i Afghanistan leidde til ei erkjenning hjå dei allierte av at tryggingssituasjonen kravde ein forsterka innsats frå alliansen og ISAF-partnarane. General McChrystal overtok som ny sjef for ISAF (COMISAF), og i august 2009 la han fram ein strategisk gjennomgang der det vart teikna eit dystert bilete av utsiktene til å lukkast i Afghanistan utan ein styrkt og betre tilpassa sivil og militær innsats. Eit hovudelement i den strategiske gjennomgangen var at hovudoppgåva for ISAF måtte vere å verne den afghanske befolkninga. Etter general McChrystals syn var dette nødvendig for at afghanarar flest skal få tillit til at det internasjonale nærværet vil bidra til ein betre kvardag og ei betre framtid, som er avgjerande for at ISAF-operasjonen skal lukkast med å oppfylle FN-mandatet sitt.

Saman med dei andre bidragsytarane til ISAF støtta Noreg opp om tilnærminga COMISAF presenterte. Noreg har spesielt lagt vekt på verdien av ei politisk løysing på konflikten i Afghanistan. Det er afghanarane sjølve som må finne fram til ei slik løysing. ISAF skal bidra med å skape eit tryggingssituasjon som legg forholda til rette for politisk og økonomisk utvikling. Den militære operasjonen må difor sjåast i samanheng med den internasjonale sivile innsatsen. Berre ei brei og heilskapleg tilnærming kan leggje grunnlaget for tryggleik, gjenreising og utvikling i Afghanistan.

I 2009 vart det gjort omfattande endringar i kommandostrukturen i ISAF. Medan COMISAF framleis leier operasjonen på militærstrategisk nivå, vart det oppretta eit nytt underliggjande hovudkvarter med hovudansvar for dei pågåande operasjonane og ISAFs mentorings- og opplæringsinnsats overfor dei afghanske tryggingssituasjonane. Desse endringane må òg sjåast i samanheng med at ISAF har auka mykje i størrelse det siste året og ved årsskiftet 2009-2010 var på over 100 000. Ein stor del av denne auken heng saman med den pågåande amerikanske styrkeoppbygginga. Medan større delar av dei amerikanske styrkane tidlegare har vore underlagde nasjonal amerikansk kommando, har USA vald å leggje dei nye styrkebidraga inn under NATO-kommando. Sjølv

om dette har bidrege til å forsterke den amerikanske dominansen i ISAF, er det etter norsk syn grunnleggjande positivt at USA ønskjer å bidra innanfor ein alliert ramme i staden for å vidareføre ein sterk nasjonal kommando i Afghanistan.

Tryggingssituasjonen i Afghanistan vart ytterlegare forverra i 2009. Denne utviklinga har konsekvensar for ISAF-soldatane og afghanske tryggingssstyrkar, dei humanitære organisasjonane og bistandsarbeidarar, men det er særleg det afghanske folket som vert skadelidande når kvardagen vert meir utrygg.

Også i 2009 har ISAF-operasjonar ført til sivile tap. Dette fører til store menneskelege lidningar og tragediar. Sjølv om opprørarane står bak dei fleste sivile tapa, bidreg slike hendingar til å undergrave støtta til ISAF-innsatsen blant afghanarar og i medlemslanda. Saman med ei rekkje andre NATO-land har Noreg difor ønskt velkomen at general McChrystal legg så stor vekt på at ISAF må gjere alt i si makt for å unngå sivile tap. Frå Regjeringa si side vert det framleis lagt stor vekt på at dette spørsmålet står høgt på dagsordenen i NATO òg i 2010.

Taliban og dei andre opprørsgruppene har styrkt posisjonen i løpet av 2009. Dei har no evne og kapasitet til å gjennomføre angrep over store delar av landet. Dette gjeld særleg sør og aust i Afghanistan der tryggingssituasjonen framleis er størst, men òg i nord og i Kabul-området har talet på angrep auka gjennom 2009. Taliban har etablert parallelle maktstrukturar gjennom skyggeguvernørar i dei fleste provinsane i landet. Samtidig har opprørsstyrkane endra den taktiske krigføringa si. Vegbomber, sjølvmoordsaksjonar og omfattande angrep vert nytta i endå større grad enn tidlegare. Medan det til dømes i 2004 vart registrert om lag 300 vegbombeangrep, auka talet til over 7000 i 2009. Denne typen angrep representerer ei alvorleg utfordring både for NATO og sivilbefolkninga, og under NATO-forsvarsministermøtet i Bratislava 22.–23. oktober blei det oppnådd semje om å intensivere arbeidet med å få på plass forbetra strategiar og metodar for å møte denne utfordringa.

Rammevilkåra for gjenreisings- og utviklingsprosjekt vert svekte når tryggingssituasjonen vert

verre, men trass i store trygging utfordringar er det òg tydelege teikn på sosial og økonomisk framgang i Afghanistan. Delar av landet er relativt fredelege, og i desse områda er det betre rammevilkår for sivil og politisk utvikling. Det er fleire og kompliserte forklaringar på kvifor denne betringa i for liten grad fører til utvikling, m.a. er det openbert at lokale, regionale og sentrale afghanske styresmakter ikkje har gjort ein god nok jobb. Samtidig kan òg ein del forklarast med for lite effektiv sivil innsats frå det internasjonale samfunnet. Likevel har den positive utviklinga dei siste åra innanfor mellom anna utdanning, helse, infrastruktur og jordbruk halde fram òg i 2009. Regjeringa er oppteken av å framheve at det krevst ein langsiktig og godt planlagd afghansk og internasjonal innsats som kan konsolidere og styrkje den positive utviklinga ein ser på enkelte område i Afghanistan.

Under presidentvalet hausten 2009 hadde dei afghanske tryggingstyrkane hovudansvaret for tryggleiken, medan ISAF bidrog med nødvendig støtte gjennom eit stort tal mellombelse troppebidrag frå allierte og andre ISAF-partnarar. Trass i at det av omsyn til tryggleiken ikkje lét seg gjere å gjennomføre val i ein del distrikt, vitna innsatsen til dei afghanske tryggingstyrkane under gjennomføringa av valet om ei stadig styrkt afghansk evne til å ta ansvar for tryggleiken. Gjennomføringa av valet var langt frå dei standardane ein håpa på, men millionar av afghanske røyster er eit viktig signal om at afghanarar flest ønskjer eit demokrati. I lys av den konfliktfylte historia Afghanistan har hatt i nær fortid, krevst det likevel brei og langvarig innsats for å styrkje dei demokratiske og politiske prosessane. Noreg har støtta at NATO skal tilby bistand til afghanske styresmakter òg under komande val.

Toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 vedtok å opprette eit eige opplæringsoppdrag i Afghanistan (NTM-A). Dette opplæringsoppdraget har til føremål å styrkje innsatsen for å byggje opp den afghanske hæren og politiet. Frå norsk side har vi eit langsiktig perspektiv for innsatsen i Afghanistan, men for at det militære nærværet ikkje skal vare lenger enn nødvendig, er det viktig med forsterka opplæringsinnsats overfor dei afghanske tryggingstyrkane. For å bidra ytterlegare til å styrkje dei afghanske tryggingstyrkane vedtok Regjeringa i 2009 å løyve rundt 660 millionar kroner samla for åra 2010–2014 til dei to fonda som er oppretta for den afghanske hæren og politiet. Dette bidraget er blitt høgt verdsett både av afghanske styresmakter og i NATO.

Store delar av ISAF er no engasjerte i opplæring og trening av dei afghanske tryggingstyr-

kane, både gjennom særskilde opptreningslag og gjennom regulære fellesoperasjonar. I dag inngår einingar frå den afghanske hæren i 70 % av dei planlagde ISAF-operasjonane, og dei leier om lag halvparten av dei. Dette vitnar om auka afghansk kapasitet, og det er viktig å styrkje denne positive utviklinga ytterlegare.

I oppfølginga av tilrådingane frå COMISAF har USA vedteke å styrkje det militære nærværet i Afghanistan med 30 000 soldatar fram mot sommaren 2010. Dei fleste av desse soldatane vil bli utplasserte i dei sørlege og austlege delane av landet, men opptreppinga vil òg innebere ein amerikansk styrkeauke i nord. Dette vil medføre eit tettare samarbeid mellom Noreg og USA. Dei amerikanske styrkane i nord vil ha som hovudoppgåve å styrkje kapasiteten til afghanske tryggingstyrkar. For å sikre at dei samla ressursane i det nordlege Afghanistan vert utnytta best mogeleg, vil ein frå norsk side leggje stor vekt på å styrkje samarbeidet mellom alle bidragsytarane i denne regionen.

Andre ISAF-land har følgd opp den amerikanske styrkeauken gjennom lovnader om å sende om lag 7 000 nye soldatar til Afghanistan. ISAF-operasjonen vil dermed bli styrkt med totalt 37 000 soldatar i løpet av 2010, noko som vil bringe det totale styrketalet til i overkant av 120 000.

Til liks med fleire andre allierte land har Noreg over fleire år arbeidd for at FN skal ha ei sterkest mogeleg rolle i Afghanistan. FN møter likevel store utfordringar på bakken på grunn av den krevjande tryggingssituasjonen. Organisasjonen har òg hatt problem med mangel på ressursar og personell for å fullt ut kunne oppfylle mandatet sitt og ta leiinga i koordineringsarbeidet saman med afghanske styresmakter. I lys av dette var det gledeleg at FNs generalforsamling på slutten av 2009 godkjende ein budsjettauke på 60 prosent til UNAMA (United Nations Assistance Mission in Afghanistan).

Under den kontinuerlege debatten i NATO, spesielt i kjølvatnet av den strategiske gjennomgangen frå COMISAF, har vi frå norsk side framheva at det må sikrast ein klar og tydeleg rollefordeling mellom dei ulike internasjonale aktørane i Afghanistan. Det er m.a. vist til at FN må ha det overordna ansvaret for å koordinere den internasjonale sivile innsatsen i samarbeid med afghanske styresmakter, og at medlemslanda har ansvaret for å setje FN i stand til å utføre dette.

Diskusjonen om korleis den sivile og den militære innsatsen kan samordnast på best mogeleg måte, vil fortsetje innanfor og utanfor alliansen i 2010. Kontoret til NATOs sivilrepresentant skal forsterkast og vil dermed bidra til å styrkje NATOs og ISAFs bidrag til ei samla tilnærming i Afghanis-

tan. Sivilrepresentanten skal i samsvar med mandatet sitt bidra til å få den sivile innsatsen som vert ytt gjennom ISAF og PRTa, på linje med afghanske planar og program og koordinere med innsatsen frå andre aktørar. SCR skal òg planleggje for korleis afghanske styresmakter på sikt skal kunne overta ansvaret for den sivile innsatsen som i dag går føre seg via PRTa.

Under utanriksministermøtet i desember 2009 vart det vedteke retningslinjer for rolla ISAF skal spele i arbeidet for reintegrering i Afghanistan. Det var semje om at ISAF har ei avgrensa rolle på dette området. Det var òg semje om at afghanske styresmakter har ansvaret for reintegrerings- og forsoningsprosessar, men at NATO, på oppmoding frå afghanske styresmakter, òg kan ta del i dette arbeidet.

Konflikten i Afghanistan er i stor grad prega av situasjonen i nabolandet Pakistan. Her har utviklinga i 2009 vore urovekkjande, med ei rekkje terroranslag der eit stort tal sivile, militære og politi er vorte drepne. Samanhengen mellom opprøret i Afghanistan og militant verksemd i delar av Pakistan krev tettare samarbeid med pakistanske styresmakter. COMISAF legg i sin strategi legg stor vekt på at samarbeidet mellom NATO og Pakistan må utviklast både på politisk og militært nivå. Noreg har i løpet av 2009 teke aktivt til orde for gradvis å styrkje samarbeidet mellom NATO og Pakistan.

Den norske innsatsen vert i aukande grad retta inn mot kapasitetsbygging. Noreg har i fleire år prioritert opplæring, rådgjeving og rettleiing i samarbeidet med afghanske tryggingstyrkar og politi. I tråd med føringane frå COMISAF vil både den norske militære innsatsen og innsatsen overfor den sivile tryggingssektoren bli dreidd ytterlegare i retning av opplæring og rettleiing.

Noreg har i 2009 vidareført eit stort militært bidrag til ISAF. I 2009 har dette lege på omlag 500 soldatar. Samtidig utgjer den norske støtta til sivil gjenreising og utvikling om lag 750 millionar kroner årleg, og dette gjer Noreg til ein viktig bidragsytar på dette området. Framleis er det nordlege Afghanistan og provinsen Faryab Noregs geografiske satsingsområde. Her gjev langsiktig arbeid, kontinuitet og lokalkunnskap eit solid grunnlag for det norske engasjementet.

Også i 2009 leidde Noreg det såkalla regionale stabiliseringslaget («Provincial Reconstruction Team» – PRT) i Meymaneh. Faryab er prega av relativ stabilitet og ein viss grad av sivil utvikling, noko den norske innsatsen har bidrege til. I tillegg til dei om lag 300 soldatane i stabiliseringslaget er det òg knytt politi, fengsels- og utviklingsrådgjevarar til denne eininga.

Noreg stiller òg med personell til eit såkalla «Operational Mentoring and Liaison Team» (OMLT), som trenar og rettleier personell i den afghanske hæren. Den norske spesialstyrkeeiinga i Kabul-regionen returnerte til Noreg i oktober 2009 då mandatet på 18 månader gjekk ut. Dette bidraget ble høgt verdsett både av afghanske styresmakter og internt i NATO.

3.2 Sjørøveri – Afrikas Horn

Etter oppmoding frå FN's generalsekretær og ut frå dei relevante tryggingrådsresolusjonane heldt NATO i 2009 fram med innsatsen mot piratverksemd utanfor kysten av Somalia. Den første operasjonen, Allied Provider, som vart sett i gang 8. oktober 2008, er blitt etterfølgt av Allied Protector og deretter Ocean Shield som vart innleidd 17. august 2009.

Operasjon Ocean Shield, som baserer seg på rotasjon av NATOs ståande maritime styrkar kvar fjerde månad, samarbeider med andre delar av den breie internasjonale innsatsen som går føre seg i desse farvatna, særleg EU-operasjonen Atalanta og den amerikansk-leidde operasjonen Combined Task Force 151. Operasjonen skal i første omgang vare i eitt år. Noreg bidrog frå august 2009 med ein fregatt til EU-operasjonen for seks månader.

Det er oppretta ei kontaktgruppe for piratverksemd utanfor Somalia med rullerande formannskap som spelar ei nøkkelrolle i samordninga av heile den internasjonale innsatsen. NATO legg vekt på ei brei og samla tilnærming til piratfenomenet som ikkje rettar seg mot berre dei direkte angrepa, men like mykje drivkreftene og årsakene som ligg bak. Difor har alliansen vedteke å utvide innsatsen når det gjeld støtte til regional kapasitetsbygging på linje med det andre organisasjonar yter. Eit anna mål for NATO er å få på plass rettslege ordningar for arrestering og straffefølgjing av piratane.

3.3 NATO-operasjonen i Middelhavet (OAE)

Den maritime NATO-operasjonen Operation Active Endeavour vidareførte i 2009 innsatsen for å styrkje den maritime tryggleiken og kjempe mot terrorverksemd i Middelhavet. Operasjonen, som vart innleidd etter angrepa mot USA 11. september i 2001, bidreg til auka tryggleik for all skipstrafikk i området og sikrar eit oppdatert situasjonsbilette over seglingsleier med stor trafikk. I alt bidreg

meir enn 50 land med informasjon til eit informasjonsdelingsnettverk (Maritime Safety and Security Information System), i eit område der ein vesentleg del av all olje og gass som vert forbrukt i Vest-Europa, passerer kvart år.

Operasjonen har synt seg å styrkje samarbeidet og kontakten med partnerland vesentleg. Dette gjeld særleg dei landa som deltek gjennom medlemskap i Middelhavsdialogen. I 2009 vart NATO samd med Marokko om et større bidrag som opnar både for meir omfattande informasjonsdeling og moglege marokkansk innsats både med skip og fly. Tidvis har òg Ukraina og Russland delteke i operasjonen, i tillegg til at det vert gjennomført forhandlingar med Georgia og Israel. Etter Georgia-konflikten hausten 2008 vedtok NATO å takke nei til eit bidrag frå Russland. I 2009 signaliserte Russland på ny vilje til å setje inn eit fartøy i operasjonen.

I 2009 etablerte NATO eit nytt operasjonskonsept som nettopp understrekar at informasjonsdelinga mellom NATO og andre aktørar i regionen må styrkjast. Det er brei semje om at operasjonen skal vidareførast.

Noreg har fleire gonger delteke i OAE med ubåtar, fregattar, missiltorpedobåtar og maritime overvakingsfly. Siste gongen Noreg deltok med eit fartøy, var i 2008.

3.4 Kosovo (KFOR)

NATOs trygging- og stabiliseringsoperasjon i Kosovo (KFOR) skal bidra til å sikre stabilitet i landet og verne innbyggjarane. I 2009 vart KFOR gradvis tilpassa til situasjonen etter sjølvstendeerklæringa frå 2008. Det er no eit nytt internasjonalt nærvær i Kosovo med EU som den leiande aktøren. I desember 2008 vart EUs politi- og justisoperasjon (EULEX) etablert. EULEX er EUs største sivile operasjon og støttar styresmaktene i Kosovo i bygginga av rettsstaten, spesielt på politiområdet, domstolane og tollområdet. Som følgje av at oppgåvene og rolla til EULEX ikkje var heilt dei same som rolla FN (UNMIK) tidlegare hadde hatt på dette området, fekk KFOR mellom anna noko større ansvar for å vareta tryggleiken i Nord-Kosovo. I juni 2008 tok KFOR på seg oppdraget med å støtte utviklinga av profesjonelle, demokratiske og multietniske tryggingstrukturar i Kosovo. Dette arbeidet inkluderer nedlegging av vernekorpsset for Kosovo (KPC) og etablering av tryggingstyrken i Kosovo (KSF). NATO legg her stor vekt på at den kontinuerlege rekrutteringsprosessen til KSF må gjennomførast på ein transpa-

rent måte og bidreg mellom anna til at kandidatar frå den etniske mindretalsbefolkninga vert rekrutterte. Dette arbeidet vart vidareført i 2009.

NATOs forsvarsministermøte i juni 2009 vedtok å vurdere om ein gradvis kunne trappe ned nærværet til KFOR. Frå norsk side støttar vi dette, men legg samtidig vekt på ein grundig politisk gjennomgang av kriteria for ei slik nedtrapping. Det første trinnet i styrkereduksjonen frå om lag 16 000 til 10 000 soldatar vart slutført tidlegare i år. Nedtrappinga inneber ein gradvis overgang til mindre og meir mobile styrkar. I dette ligg det òg at KFOR gradvis vil avslutte det permanente vakthaldet rundt ni kulturminne av særleg religiøs eller historisk verdi. NATO vil vurdere det vidare vakt-haldet for kvart av desse kulturminna enkeltvis. Regjeringa har lagt vekt på at denne prosessen må vere open, og at partane dette gjeld, må verte tekne med på råd.

Vedtaket om reduksjon av KFOR-styrken reflekterer den betra tryggingssituasjonen i Kosovo, i tillegg til at utbygginga av nasjonale sivile institusjonar gjev gode resultat. Her har EULEX spelt ein aktiv rolle, mellom anna ved å styrkje kapasiteten politistyrkane og andre lokale institusjonar i Kosovo har til å utøve funksjonane sine.

En ytterlegare og meir omfattande reduksjon av KFOR vil venteleg verte behandla politisk i løpet av 2010. I denne samanhengen vil tett koordinering og samarbeid med EULEX framleis vere svært viktig. Det er positivt at toppmøtet i Strasbourg/Kehl stadfesta den breie semja om å vidareføre KFOR-engasjementet på ein slik måte at det sikrar at alle folkegrupper i Kosovo ser på operasjonen som legitim.

Det norske bidraget til KFOR omfatta i 2009 seks stabsoffiserar i KFOR-hovudkvarteret. I tillegg til to sivile ekspertar til NATO-eininga som driv støtte til oppbygging av ein demokratisk kontrollstruktur for Kosovos nye tryggingstyrke, har Noreg vidareført den økonomiske støtta til etableringa av KSF.

3.5 Irak

Det vart vedteke å setje i gang NATOs opplæringsoppdrag i Irak (NTM-I) under toppmøtet i alliansen i Istanbul i 2004. NTM-I skal gjennom opplæring og kompetanseoverføring medverke til at irakske tryggingstyrkar skal kunne ta over ansvaret for tryggingsoppgåvene i eige land. Også det føderale politiet og grensestyrkane får opplæring. Noreg har ikkje bidrege med personell eller økonomisk støtte til NTM-I, men stilte seg bak vedtaket om å

vidareføre NATO-støtta til Irak gjennom opplæringsoppdraget. Irak er ikkje med i nokre av dei faste partnerskapsrammene i NATO, men NATO arbeider òg for å utvikle eit meir overordna, langsiktig og strukturert samarbeid med Irak.

3.6 Resolusjon 1325 frå FNs tryggingråd om kvinner, fred og tryggleik

Noreg har arbeidd aktivt for at tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik (TR1325) skal verte NATO-politikk på dei områda der han er relevant for alliansen. Mot slutten av 2009 tok Noreg og Estland initiativ til å formulere eit brev til generalsekretæren for å bidra til at arbeidet vert styrkt, òg med sikte på å auke den politiske merksemda om TR1325 i og utanfor NATO. Brevet, som fekk brei støtte frå allierte, har ført til at generalsekretæren skal utarbeide ei fullstendig oversikt over tiltaka som er sette i verk til no, både på politisk og militær side. Oversikta vil danne grunnlaget for vidare integrering av resolusjonen i dei operasjonelle rutine og prosedyrane i alliansen. Arbeidet skal fullførast til toppmøtet i Lisboa i november 2010, men forsvarsministrane vil òg få materialet når dei møtest i juni. Arbeidet skal òg konkretisere om det eventuelt må gjennomførast ytterlegare tiltak.

Dette arbeidet er òg følgd opp på militær side. Den militære leiinga i alliansen fekk i oppdrag å utvikle konkrete forslag til korleis kjønnsperspektivet kunne innarbeidast i alle fasar av NATO-leidde operasjonar. Oppdraget var tufta på erkjenninga av at ei samla tilnærming til stabilitet og gjen-

reising òg må omfatte dei særskilde behova og rettene kvinner har i konfliktområde. I september 2009 gjekk det nye direktivet ut til den militære leiinga i NATO med retningslinjer for korleis TR1325 skal inkorporerast i planlegging, gjennomføring og evaluering av operasjonane til alliansen.

Hausten 2008 var Noreg med på å ta initiativet til studien «Operational Effectiveness and UN Resolution 1325 – Practices and Lessons from Afghanistan». Målet var å vurdere korleis resolusjon 1325 vert følgd opp i dei PRTa (Provincial Reconstruction Teams) som vert leidde av Noreg, Sverige, Italia, Nederland og New Zealand. Studien vart lagd fram i mai 2009 og har bidrege vesentleg til å rette auka merksemd mot gjennomføringa av TR1325 i felt.

Studien avdekkar at det framleis står att mykje arbeid før målsetjingane i TR1325 er gjennomførte, òg i det norske PRTet. På norsk side arbeider Regjeringa aktivt for at det skal vere merksemd om og gjennomføring av resolusjon 1325 i alle ledd i dei operasjonane der Noreg deltek. Handlingsplanen frå Regjeringa for implementering av TR1325 om kvinner, fred og tryggleik (2006) tek òg føre seg korleis resolusjonen skal setjast i verk for å vareta kjønnsperspektivet i konflikt- og post-konfliktsituasjonar. Som oppfølging av NATO-studien og implementering av handlingsplanen frå Regjeringa har det sidan juni i fjor vore ein likestillingsrådgjevar på plass i den norske militære kontingenten i Faryab-provinsen i Afghanistan. Rådgjevaren skal sikre at kjønnsperspektivet vert vareteke. Vidare bidreg Noreg i 2010 med ein likestillingsrådgjevar til ISAF-hovudkvarteret i Kabul. Denne stillinga er planlagd vidareført i 2011.

4 Sivilt-militært samarbeid – ei heilskapleg tilnærming

Utviklinga i Afghanistan og Kosovo viser tydeleg kvifor NATO må ha eit nært samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, frivillige organisasjonar og nasjonale og lokale aktørar i krisehandteringsoperasjonane. Det er brei semje i NATO om at ei samla og heilskapleg tilnærming til denne typen krevjande operasjonar er nødvendig. Militær innsats åleine er ikkje tilstrekkeleg. Denne innsatsen må sjåast i samanheng med sivil innsats både under planlegginga, gjennomføringa og oppfølginga av ein operasjon.

Dette prinsippet er solid forankra i norsk tenkemåte og er ein grunnleggjande føresetnad for den innsatsen Noreg no yter i Afghanistan. Sivilt-militært samarbeid ser ut til å verte eit sentralt tema under arbeidet med det nye strategiske konseptet i NATO, slik *erklæringa om tryggleiken i alliansen* frå toppmøtet i Strasbourg/Kehl legg opp til.

Ei heilskapleg tilnærming inneber at alle organisasjonar arbeider i samsvar med sine egne mandat, men samtidig samordnar innsatsen i alle fasar av prosessen. I Afghanistan inneber FN-mandatet at organisasjonen tek eit overordna ansvar for å samordne den internasjonale sivile innsatsen, frå politireform og betre styresett til sosial og økonomisk utvikling.

Taktskiftet for ISAF-operasjonen i 2009 gjer slik samordning enda meir nødvendig. For Noreg er det viktig å verne det humanitære rommet. Det tyder at humanitære oppgåver i minst mogleg grad vert blanda inn i politiske og militære strategiar. Rollene til dei sivile og militære aktørane skal gjerast tydelege på kvar sine premiss, men innsatsen må koordinerast betre. Regjeringa vil halde fram med å arbeide for at den sivile og den militære innsatsen skal vere gjensidig forsterkande.

Arbeidet i NATO med å setje i verk strategien for ei heilskapleg tilnærming vart ført vidare i 2009. Det vert gjort framgang både på politisk og strategisk nivå og på det praktiske planet i felt. Frå norsk side har vi lagt vekt på at NATO i utviklinga av den heilskapelege strategiske politiske og militære planen for Afghanistan skal gje klare føringar for samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar, særleg FN og EU. Samarbeidet med begge desse organisasjonane har utvikla seg i riktig retning i 2009, både i Kosovo og Afghanistan.

I Kosovo er samarbeidet med den sivilrettslege EU-operasjonen EULEX ein viktig føresetnad for at dei lokale tryggingstyrkane vert styrkte, og at NATO gradvis kan redusere nærværet sitt. På same måten søkjer NATO og EU i tråd med politiske føringar frå UNAMA å koordinere opplæring av afghanske tryggingstyrkar på både praktisk og institusjonelt nivå. Som oppfølging av felleserklæringa av 2008 har NATO og FN vedteke å etablere ein sivil NATO-representasjon ved FN-hovudkvarteret som vil forsterke den militære representasjonen og liaisonen NATO allereie har på plass i New York.

På grunnlag av eit vedtak på toppmøtet i Bucaresti i april 2008 held NATO fram å følgje opp ein omfattande praktisk innretta handlingsplan for NATO-bidraget til ei heilskapleg tilnærming til stabilisering og gjenreising i operasjonar. Denne planen set opp eit vegkart for korleis NATO skal styrkje politiske og praktiske konsultasjonar med andre internasjonale organisasjonar i planlegging og gjennomføring av operasjonar. I den samanhengen vert det òg lagt vekt på å gjennomføre dei årlege krisehandteringsøvingane i NATO med deltaking av ulike delar av FN og Internasjonale Røde Kors.

5 Trygging utfordringar

5.1 Missilforsvar

Obama-administrasjonen endra i september 2009 føresetnadene for arbeidet i NATO med missilforsvarsspørsmålet. USA skrinla rakett- og radarinstallasjonane Bush-administrasjonen hadde planlagt i Polen og Tsjekkia. Eit meir fleksibelt amerikansk sjø- og landbasert system skal etter planen kome i staden. Allierte er inviterte til å bidra som vertsland for amerikanske installasjonar eller gjennom nasjonale luftvernkapasitetar. Den amerikanske haldningsendringa gjev nye utsikter til samarbeid med Russland.

Arbeidet i NATO med missilforsvarsspørsmålet har gått føre seg sidan 2002. Noreg har vore kritisk til utviklinga av eit alliert missilforsvar ut frå ei samla trusselvurdering, men òg ut frå faren for at eit slikt system kan setje i gang eit nytt rustingskappløp. Regjeringa ser òg ulemper knytte til konsekvensane for forholdet til Russland og andre tredjeland, og dessutan til uvissa omkring kostnader og teknologiske løysingar.

Den nye amerikanske tilnærminga har endra rammevilkåra for missilforsvarsdiskusjonen. NATO får no høve til å spele ei sentral rolle dersom alliansen bestemmer seg for det, og USAs allierte har teke godt imot den nye planen. Også dei første russiske reaksjonane var i all hovudsak positive. I desember 2009 slo utanriksministrane i NATO fast at alliansen kan og bør ta eit ansvar for å møte den aukande trusselen frå ballistiske missil, samtidig som dei understreka verdien av dialog og samarbeid med Russland. Noreg legg stor vekt på å etablere ein tettast mogleg dialog mellom Russland og NATO i denne saka og har difor stilt seg positiv til ein eigen missilforsvarskomite under NATO-Russland-rådet.

NATO vurderer no å utvide det allereie vedtekte missilforsvarssystemet for utplasserte styrkar (Active Layered Theatre Ballistic Missile Defence). Det vart vedteke å etablere denne kapasiteten på toppmøtet i Istanbul i 2004, og han skal verne NATO-styrkar i eit avgrensa geografisk område mot kort- og mellomdistanseraketar.

Dette systemet skal etter planen vere delvis operativt frå 2011. Saman med andre allierte har Noreg ønskt den nye amerikanske tilnærminga og rolla som NATO er tiltenkt, velkomne. Regjeringa legg vekt på at eit missilforsvarssystem i Europa må auke tryggleiken for alle medlemslanda i alliansen og vere retta mot reelle tryggingstruslar.

Utgreiinga av handlingsalternativ fortset fram mot toppmøtet i Lisboa. Alliansen ser på oppdraga frå toppmøtet i Strasbourg/Kehl i 2009 som relevante trass i at dei politiske rammevilkåra er endra. På dette møtet stadfesta stats- og regjeringssjefane at missilforsvar kan utgjere ein del av ein breiare respons for å møte trusselen frå ballistiske missil, og at ytterlegare utgreiing av ulike arkitekturalternativ er nødvendig. Utgreiingsarbeidet skal etter planen gje grunnlag for ei endeleg politisk avgjerd i Lisboa.

Eit vedtak om eit missilforsvar for NATO vil markere slutten på ein lang prosess. Dei opphavlege oppdraga, som gjekk ut på å utgreie om det kunne etablerast eit territorialt missilforsvar i NATO, kom frå toppmøta i 2002 og 2006. I 2007 inngjekk likevel USA bilaterale avtalar med Polen og Tsjekkia om å byggje utskytingsramper for avskjeringsraketar og radaranlegg som ein del av eit amerikansk missilforsvarssystem. Dermed gav det ikkje lenger meining å drøfte eit eige alliert missilforsvarssystem. NATO flytta difor fokuset til spørsmålet om NATO burde knyte seg til det amerikanske systemet for å sikre dekning av territoriet til alliansen. Toppmøtet i Bucuresti i 2008 vedtok deretter å utgreie konkrete handlingsalternativ for ein omfattande missilforsvarsarkitektur.

Den nye amerikanske strategien tek sikte på å møte trusselen frå ballistiske missil frå Iran og Syria på ein fleksibel måte. USA legg opp til ei gradvis utvikling som skal tilpassast trusselbiletet og byggje på kjend teknologi. Sjølv om føresetnadene for arbeidet i alliansen med missilforsvarsspørsmålet dermed er endra, ligg likevel alliansesolidariteten og det grunnleggjande prinsippet som gjeld den udelelege tryggleiken, framleis til grunn for diskusjonen i NATO.

5.2 Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing

NATO skal fortsetje å bidra til internasjonal innsats for rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing. Stats- og regjeringssjefane stadfesta dette på toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 og ønskte samtidig å skape større offentleg merksemd om NATOs bidrag til dette arbeidet. NATO-rådet fekk i oppdrag å følgje desse spørsmåla nøye som ein del av den breiare responsen frå NATO på dei tryggingstiltakane alliansen står overfor.

Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing har i lang tid vore viktige målsetjingar for NATO og er viktig for den overordna tryggleiken i alliansen. NATO-landa har lagt ned ein stor innsats for å fremje desse målsetjingane. Noreg og Tyskland tok i 2007 eit større initiativ i NATO for å styrkje engasjementet i organisasjonen ytterlegare. Det viktigaste resultatet av dette initiativet er at desse spørsmåla no står vesentleg høgare på dagsordenen i NATO enn tidlegare. Det er òg mykje større merksemd kring desse tema i organisasjonen.

Ei omfattande rapport om korleis NATO kan skjerpe profilen sin på nedrustingsområdet, vart utarbeidd til toppmøtet i Bucuresti i 2008. Rapporten er oppdatert fleire gonger, mellom anna i samband med toppmøtet i Strasbourg/Kehl. Betre samarbeid og koordinering mellom NATO på den eine sida og FN, OSSE og partnerland på den andre vert framheva som viktig.

NATO-landa er òg samde om å sjå på eventuelle vidare tiltak med omsyn til konvensjonelle våpen, deriblant handvåpen og miner, kjernefysiske våpen og andre masseøydeleggingsvåpen. NATO har utarbeidd ein eigen informasjonsstrategi for dette feltet, for å informere publikum på ein betre og meir koordinert måte om det omfattande arbeidet som er lagt ned.

Saman med Belgia, Luxembourg, Nederland og Tyskland tok Noreg våren 2010 initiativet til at det uformelle utanriksministermøtet i NATO i april same året skulle setje av tid til å drøfte atomvåpenpolitikken til alliansen. Dette var viktig for å gje politiske føringar i gjennomgangen av det strategiske konseptet til NATO og i oppfølginga av den nye amerikanske atomvåpenpolitikken («Nuclear Posture Review»). USA er klare på det overordna målet om ei tryggare verd utan atomvåpen og behovet for å redusere rolla til atomvåpen i tryggingspolitikken.

Underteikninga av den nye avtalen mellom USA og Russland om reduksjonar i utplasserte strategiske atomvåpen og leveringsmidla deira (nye START) er av stor verdi. Noreg har vore tyde-

lege på at nye START må representere innleiinga til ein betre nedrustingsprosess, som vil omfatte alle kategoriar atomvåpen (dei på lager og korttrekkjande atomvåpen), i tillegg til at andre atomvåpenmakter må inkluderast i prosessen. Det er spesielt viktig å følgje opp spørsmålet om korttrekkjande atomvåpen i Europa, og Noreg og Polen tok 9. april i år initiativ til ei skrittvis og balansert tilnærming mellom NATO og Russland. I det felles norsk-polske arbeidsdokumentet vart det foreslått at det i første omgang skal gjennomførast openheits- og tillitsskapande tiltak mellom NATO og Russland, og at sjølve nedrustingsforhandlingane vil kunne skje innanfor oppfølgingsprosessen til nye START.

Når det gjeld samarbeid med Russland på dette området, vart det på utanriksministermøtet i desember 2009 oppnådd semje om å opprette ei eiga arbeidsgruppe under NATO-Russland-rådet (NRC) for rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing. Dette er ei organisatorisk nyvinning som ikkje ville ha vore mogeleg utan den auka merksemda desse felta har fått i NATO etter 2007.

I november 2009 vart det gjennomført eit NRC-seminar i Oslo om atomvåpenpolitikk, og dette var viktig for å bidra til større openheit om doktrinar. Regjeringa ser ei viktig rolle for NATO innanfor rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing og vil aktivt følgje opp det norsk-tyske initiativet også i åra framover, ikkje minst ved å sørgje for at dette saksfeltet vert ståande høgt på dagsordenen i NATO. Det er viktig at NATO-landa støttar opp om NPT og andre globale nedrustings- og ikkjespriingsavtalar. Samtidig kan ein ikkje vente at NATO skal opptre som ein samla blokk i desse fora. For Noreg vil desse tema òg vere viktige i samband med utarbeidinga av det nye strategiske konseptet i NATO i 2010. Kjernevåpenpolitikken til NATO og målsetjinga som går ut på å redusere rolla til kjernevåpena i internasjonal politikk, stiller oss overfor særlege utfordringar i denne samanhengen.

Saman med USA leidde Noreg i perioden juli 2008 til juli 2009 arbeidet i NATOs Senior Defence Group on Proliferation. Ein av milestolpane under formannskapsåret var godkjenninga på toppmøtet i Strasbourg/Kehl av ein heilskapleg politikk for ikkjespriing og forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske truslar. Den samanfatar det breie settet av verkemiddel NATO har for å hindre spreiing av masseøydeleggingsvåpen, som òg omfattar evna til å verne mot trusselen frå slike våpen, og til å handtere konsekvensane av angrep eller utslepp.

Noreg retta i formannskapsperioden særleg merksemd mot tiltak som kan bidra til å styrkje det sivil-militære samvirket på dette området. NATO

har sett i gang arbeid for å betre evna til sivil-militær planlegging og gjennomføring av operasjonar, styrkje samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar og harmonisere trening og opplæring for sivilt og militært personell.

Den norske formannskapsperioden vart avslutta med eit seminar i Oslo 17.–19. juni 2009 der meir enn 90 deltakarar frå allierte land og frå NATOs sivile og militære stabar var samla for å diskutere sentrale problemstillingar knytte til ikkjespriing og kapasiteten alliansen har til å verne og forsvare befolkninga mot trusselen frå masseødeleggingsvåpen.

5.3 CFE-avtalen

CFE-avtalen har sidan 1992 bidrege til å fjerne over 64 000 tyngre våpen i Europa og har på den måten vore ein udelt suksess. Avtalen avgrensar offensiv militær kapasitet og bidreg til å hindre destabiliserande styrkekonsentrasjonar. Restriksjonane på utplassering av styrkar i flankeområda for avtalen har vore viktige for Noreg. Komponentane i avtalen, dvs. restriksjonar på konvensjonelle styrkar, openheit gjennom utveksling av informasjon om militær struktur og materiell og verifikasjon ved inspeksjon av militære avdelingar, har hatt stor til-litsbyggjande verdi i perioden frå 1992 og fram- over, saman med Wien-dokumentet av 1999 og avtalen om opne luftrom. Samtidig kan det argu- menterast for at viktige delar av det opphavlege føremålet med CFE-avtalen allereie er oppfylde i og med den omfattande reduksjonen av konvensjo- nelt materiell i Europa som er gjennomført sidan avtalen vart inngått.

Under OSSE-toppmøtet i 1999 vart det vedteke ein ny CFE-avtale som var betre tilpassa dei endra tryggingpolitiske realitetane i Europa. Denne nye tilpassa CFE-avtalen skulle tre i kraft når alle dei 30 statspartane hadde ratifisert. Ratifikasjonsprose- sen har likevel aldri kome i gang på vestleg side fordi føresetnaden om tilbaketrekking av russisk personell og utstyr frå Georgia og Moldova (dei såkalla Istanbul-pliktene frå toppmøtet i 1999) ikkje er oppfylt. Russland «suspenderte» frå og med 12. desember 2007 etterlevinga av dei operative pliktene sine etter CFE-avtalen. Dette vert hovudsakleg grunngjeve med manglande vestleg ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen, restriksjo- nar på utplassering av russiske styrkar i flankeom- råda for avtalen og utvidinga av NATO.

Russland meiner dessutan at CFE-avtalen ikkje lenger er i tråd med dagens tryggingpolitiske rea- litetar i Europa. Det har heller ikkje i 2009 vore

framgang i forhandlingane, trass i arbeidet som er lagt ned i mange fora. I tillegg har USA på vegner av NATO-landa gjennomført direkte forhandlingar med Russland, men utan resultat.

Denne utviklinga har sett heile CFE-avtalever- ket under stort press. Ved inngangen til 2010 er det sett i gang ein diskusjon blant NATO-landa om kor- leis ein skal gå vidare for å sikre eit fungerande avtaleverk også i framtida. Regjeringa vil fortsetje å arbeide på dette området i nært samråd med andre allierte.

5.4 Energitryggleik

Stats- og regjeringssjefane stadfesta under toppmø- tet i Strasbourg/Kehl at dei støttar arbeidet i allian- sen med å sikre kritisk energiinfrastruktur. Dei slutta seg til ein samla statusrapport for arbeidet, som vart innleidd etter toppmøtet i Riga i 2006.

Bakgrunnen for at NATO engasjerte seg på dette området, var ei allmenn erkjenning av at usta- bil tilgang på vitale energiressursar påverkar tryggleiken for dei allierte. Toppmøtet i Riga la til grunn at bidraget frå NATO må representere ein meirverdi i forhold til og samordnast med nasjo- nale og internasjonale tiltak som allereie er sett i gang.

Oppfølginga av vedtaket frå Riga i 2006 viser at det er meiningsforskjellar blant dei allierte med omsyn til kva ambisjonsnivå NATO bør ha når det gjeld energitryggleik. Allierte har ulikt syn på om NATO bør ta stilling til politiske konflikhtar knytte til energiforsyning, og om alliansen bør ta på seg ei rolle i sikring av kritisk energiinfrastruktur også utanfor eige land- og sjøterritorium. Enkelte alli- erte har lagt fram ønske om at NATO skal ha ei tydelegare rolle ved ein eventuell politisk bruk av energiressursar frå russisk side.

Toppmøtet i Bucuresti i 2008 vedtok å konsen- trere innsatsen til NATO på energitryggleiksområ- det om fem hovudområde: etterretningsdeling internt i alliansen, informasjonsdeling med partnarlanda, stabilitetsfremjande tiltak, støtte til konsekvenshandtering og støtte til vern av kritisk infrastruktur. Tiltaka som er gjennomførte på desse områda, vart omtalte i statusrapporten til toppmøtet i april.

Noreg har halde ein høg profil i diskusjonen om kva rolle NATO skal spele på energitryggleiks- området, som den einaste store energieksportøren i alliansen. Frå norsk side har vi støtta arbeidet med å definere ei rolle for alliansen i forhold til energitryggleik, med spesiell vekt på vakt- og sik- ringsoppdrag, støtte til eksisterande nasjonal inn-

sats og tillitsskapande samarbeid med ikkje-allierte energieksporørar. Noreg har framheva verdien av partnersamarbeidet og lagt særleg vekt på korleis berøringspunkta med Russland kan bidra til å styrkje samarbeidet innanfor ramma av NATO-Russland-rådet (NRC). I løpet av den felles trusselvurderinga med Russland som vart vedteken i desember 2009, kan energiinfrastruktur kome inn i biletet, som eit potensielt mål for terroraksjonar. Slik infrastruktur er likevel utsett for eit så breitt risikospekter at det ikkje er sikkert at han får særskilt merksemd i samanheng med trusselvurderinga.

5.5 Vern mot dataangrep

Arbeidet med vern mot dataangrep («cyber defence») i NATO vart ytterlegare formalisert i

2009 gjennom opprettinga av NATO Cyber Defence Management Authority (CDMA) i tråd med NATO Cyber Defence Policy som vart vedteken av NATO-rådet i 2008. Dette organet skal leie det utøvande arbeidet i NATO med koordinering og igangsetjing av tiltak ved dataangrep. Det var semje under toppmøtet i Strasbourg/Kehl om at arbeidet med å betre kommunikasjons- og informasjonssystema i NATO skulle fortsetje. NATO er helt avhengig av desse systema, samtidig som dei vert utsette for kontinuerlege angrep både frå statar og ikkje-statlege aktørar. For at NATO skal kunne verne seg mot dataangrep, er det avgjerande å ha ei felles alliert tilnærming og samhandling medlemslanda imellom. Den allierte tilnærminga identifiserer kriterium for bruk, roller og ansvarsfordeling og ulike prosedyrar i tilfelle dataangrep. Ei NATO-øving i november 2009 omfatta trening på alle desse verkemidla.

6 Samarbeidet med Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland skjer i regi av NATO-Russland-rådet (NRC). Rådet vart oppretta i 2002 og er samansett av 29 likeverdige medlemmer. Som i NATO elles vert avgjerdene i NRC tekne ved konsensus.

Utgangspunktet for NRC-samarbeidet er ei gjensidig erkjenning av at NATO og Russland deler mange utfordringar som best kan løysast i fellesskap. Regjeringa legg stor vekt på den tillitskapande funksjonen NRC fyller. På bakgrunn av turbulensen i forholdet etter Georgia-konflikten er det spesielt viktig å ha ein brei dialog mellom NATO og Russland om alle tryggingpolitiske spørsmål, både på område der det er semje, og der det råder usemje.

Regjeringa legg òg vekt på at dialogfunksjonen NRC har, må følgjast opp med praktisk samarbeid knytt til trygging utfordringar som gjeld både NATO og Russland. Her har NRC eit stort potensial som vi frå norsk side vil arbeide aktivt for å realisere.

Den russiske invasjonen av Sør-Ossetia, Abkhasia og andre delar av georgisk territorium i august 2008 førte til at NATO suspenderte NRC-samarbeidet inntil vidare. Russland svarte med å suspendere det militære samarbeidet med alliansen. NRC-samarbeidet var dermed i praksis ikkje-fungerande gjennom første halvdel av 2009.

NATOs reaksjon på krigen og svaret frå Russland innebar at alliansen i desse månadane var vesentleg meir restriktiv i kontakten med Russland enn til dømes EU var. Ei rekkje allierte land, mellom andre Noreg, var kritiske til om ein full og langvarig suspensjon av NRC-samarbeidet var føremålstenleg for NATO. Sjølv om Noreg støtta ei midlertidig avgrensing av samarbeidet med Russland, peikte vi samtidig på at NRC nettopp hadde sin styrke i å opne for dialog og tillitsbygging i spørsmål NATO og Russland var usamde om.

NATO-toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 opna for å ta opp att samarbeidet med Russland innanfor NRC og tillyste eit utanriksministermøte mellom NATO og Russland for å setje prosessen i gang. Det uformelle NRC-utanriksministermøtet på Korfu i juni slo deretter fast at NRC-samarbeidet skulle takast opp att i full breidde. Samti-

dig måtte NRC-samarbeidet bli eit meir effektivt forum for dialog og praktisk samarbeid mellom dei allierte og Russland. Den nye amerikanske administrasjonen har ei meir aktiv tilnærming til Russland gjennom «Reset»-politikken, og dette bidrog vesentleg til å betre forholdet mellom NATO og Russland.

Den nye generalsekretæren i NATO, Anders Fogh Rasmussen, gjorde det tidleg klart at han vil prioritere forholdet til Russland høgt. I ein tale i september føreslo generalsekretæren at NATO og Russland saman burde gjennomføre ein analyse av truslar og trygging utfordringar som er felles for begge partar. Føremålet var å styrkje dialogen mellom dei og skape ei plattform for vidareutvikling av det praktiske samarbeidet. Utspelet vart godt motteke, og i løpet av hausten 2009 diskuterte partane potensielle tema for ein slik analyse. Parallelt med denne prosessen sette NRC i gang eit større reformarbeid med sikte på å gjere komitéstrukturen meir funksjonell og oversiktleg. Sett frå alliert side var dette nødvendig for å gjere NRC til ein meir operativ reiskap for praktisk samarbeid. Reforma ville etter NATO-landas meining dessutan setje NRC betre i stand til å gjennomføre den felles trusselvurderinga. Generalsekretæren hadde ønskt.

Begge prosessane vart fullførte i samband med utanriksministermøtet i NRC i desember 2009. I tillegg til å vedta endringane i komitéstrukturen til NRC gav utanriksministrane NRC i oppdrag å gjennomføre ein felles trusselvurdering knytt til fem hovudtema: Afghanistan, terrorisme, piratverksemd, ikkjepreiring av masseøydeleggingsvåpen og katastrofar.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å få tatt opp att dialogen mellom NATO og Russland. Sidan utanriksministermøtet på Korfu i juni har det vore ei norsk prioritering å bidra til å utvikle NRC slik at samarbeidet mellom NATO og Russland skal kome styrkt ut av krisa det har vore inne i. Det var nødvendig med ein gjennomgang av komitéstrukturen både fordi talet på underkomitear hadde vakse sidan NRC vart oppretta i 2002, og fordi fleire underkomitear ikkje var særleg aktive. Etter reformene er det vorte færre, men tematisk sett

breiare underkomitear. Dette vil på sikt gje NRC større fleksibilitet i arbeidet og gjere det enklare å gjennomføre den felles trusselvurderinga mellom NATO og Russland.

Frå norsk side har vi lagt vekt på å støtte opp om NRC-samarbeidet mellom anna gjennom å ta på oss vertskapsansvar og tilretteleggingsansvar for felles arrangement. Hausten 2009 var Noreg difor vertskap for eit ekspertmøte om atomvåpendoktrine med brei deltaking frå alliert og russisk side. Den planlagde sivile krisehandteringsøvinga som skulle ha vore avvikla i Noreg i 2009, vart utsett og gjennomført 22.–24. mars 2010. Noreg bidrog òg i 2009 med midlar til vidareføringa av NRC-prosjektet for opplæring og trening av personell til antinarkotikainnsats i Afghanistan og Sentral-Asia i regi av UNODC. Prosjektet er eit viktig bidrag i kampen mot narkotikaproblemet i tilknytning til Afghanistan gjennom å sørgje for opplæring og trening av antinarkotikapersonell frå politi og grensestyrkar både frå Afghanistan og dei sentralasiatiske nabolanda. Prosjektet er òg ein klar demonstrasjon av tilleggsverdien NRC tilfører som samarbeidsarena i kampen mot felles utfordringar for NATO og Russland.

Eit anna viktig element i samarbeidet mellom NATO og Russland er inngåinga av ein transittavtale om landtransitt av visse typar forsyningar til ISAF-styrken. Ein slik avtale vil kunne redusere transport-

kostnadene som er knytte til ISAF-operasjonen, vesentleg og gje betre tryggleik for forsyningane. NATO har ved inngangen til 2010 gjort ferdige alle nødvendige avtalar for å kunne ta i bruk den nordlege landtransportruta frå Europa til Afghanistan for visse typar gods. Samtalane med Russland om å utvide transittavtalen til å gjelde alle typar forsyningar og flytransitt vil halde fram i tida framover.

NATO på si side er interessert i eit styrkt russisk engasjement i tilknytning til Afghanistan. Generalsekretær Anders Fogh Rasmussen tok mellom anna opp dette spørsmålet under besøket i Moskva i desember 2009. Konkret gjeld ønsket frå alliansen auka russisk støtte til opplæring av afghanske tryggingstyrkar og utstyr til dei, i tillegg til auka innsats i kampen mot narkotikasmuglinga frå Afghanistan. NATO håpar at den felles trusselvurderinga med Russland kan bidra til å styrkje det eksisterande samarbeidet og identifisere nye område for samarbeid i tilknytning til Afghanistan. Russland har, på politisk plan, gjeve uttrykk for at dei er interesserte i å auke Afghanistan-samarbeidet.

Regjeringa er òg oppteken av å sjå på utsiktene til eit samarbeid med Russland innanfor NRC-ramma i tilknytning til nordområda. Alle landa rundt Arktis er medlemmer av NRC, og her burde ein difor ha dei beste føresetnadene for å diskutere felles utfordringar og problemstillingar knytte til regionen.

7 Forholdet til statane på Balkan, Ukraina og Georgia

7.1 Balkan

Kandidatlanda Albania og Kroatia vart tekne opp som medlemmer av alliansen på toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009. Dette var den tredje utvidingsrunda sidan Berlinmuren fall, og talet på medlemsland kom dermed opp i 28. Regjeringa meiner NATO-medlemskap for Albania og Kroatia er eit viktig bidrag til europeisk og regional stabilitet og ei naturleg følgje av den langvarige reformprosessen desse landa har gått gjennom. Dei har òg vist vilje og evne til å ta på seg dei forpliktingane ein NATO-medlemskap inneber, gjennom deltaking i operasjonane til alliansen og annan innsats.

7.1.1 Makedonia og Montenegro

Makedonia vart kandidatland i 1999 og har gjort ein omfattande innsats for å gjennomføre reformer som i sum har kvalifisert landet for NATO-medlemskap. Også i 2009 bidrog landet med verdifull støtte til NATO-operasjonane i Kosovo (KFOR) og Afghanistan (ISAF), mellom anna samdeployering med norske ISAF-styrkar på sanitetssida. Noreg har vedteke å donere eit feltsjukehus til Makedonia. Samarbeidet på sanitetssida har styrkt det bilaterale forholdet mellom Noreg og Makedonia og har gjeve Makedonia høve til å yte teljande bidrag til internasjonale NATO-operasjonar. Makedonia legg stor vekt på samvirke med NATO-styrkar og deltaking i øvingar. Landet har dei seinare åra auka talet på styrkar i beredskap for Pfp-operasjonar kraftig. På grunn av den bilaterale konflikten med Hellas om namnespørsmålet lukkast det heller ikkje i 2009 alliansen å invitere Makedonia som medlem. Hellas aksepterer ikkje det konstitusjonelle namnet på landet, Republikken Makedonia. Noreg og andre allierte har oppfordra til arbeid for ei snarleg løysing på namnestriden gjennom forhandlingane som no finn stad i FN-regi. Det er i realiteten berre dette eine spørsmålet som står i vegen for medlemskap for Makedonia. Noreg ønskjer Makedonia velkomen som medlem av alliansen, og gjennom bistandsmidlar har Noreg støtta opp under reformarbeidet for NATO-tilpassing.

På det formelle utanriksministermøtet i Brussel i desember 2009 fekk Montenegro kandidatlandstatus (MAP). Landet vil venteleg kome i gang med det første årlege nasjonale programmet (ANP) medio 2010. Noreg støtta òg i 2009 aktivt opp om forsvarsreforma i Montenegro, mellom anna gjennom ein utsend ekspert frå Forsvarsdepartementet til det montenegrinske forsvarsdepartementet. Denne bistanden held fram i 2010 og 2011. Dette kjem i tillegg til konkret bistand på ei rekkje prosjekt knytte til forsvarsplanlegging og forvaltningsrutinar.

7.1.2 Partnerskapslanda på Vest-Balkan (Serbia og Bosnia-Hercegovina)

Bosnia-Hercegovina fekk i 2008 den første individuelle handlingsplanen (IPAP) for samarbeidet med NATO og søkte 2. oktober 2009 om kandidatlandstatus (MAP). Det lukkast ikkje alliansen å verte einig om å tildele Bosnia-Hercegovina MAP under det formelle utanriksministermøtet i Brussel i desember 2009. Alliansen var samla i synet på at det sto att viktige reformer før NATO-medlemskap kunne verte aktuelt, men delt i spørsmålet om insentivet til slike reformer ville vere størst med eller utan MAP. På det uformelle utanriksministermøtet i Tallinn i april 2010 vart det semje om å invitere Bosnia-Hercegovina til å slutte seg til MAP, men på det vilkåret at iverksetjinga vert utsett inntil forsvarseigedommane i landet vert registrerte som statseigedom.

Noreg støtta MAP-søknaden frå Bosnia-Hercegovina på begge møta og la særleg vekt på den breie oppslutninga ønsket om MAP-status har i dei ulike folkegruppene i landet. Eit positivt utfall vil ikkje berre vere ein styrke for det nasjonale samholdet, men vil òg støtte opp om ansvarlege og reformorienterte krefter i Bosnia-Hercegovina.

Den politiske situasjonen i Bosnia-Hercegovina var likevel prega av stagnasjon, og det var i 2009 ikkje særlege framsteg med tanke på dei vanskelege spørsmåla som mellom anna knyter seg til maktfordelinga mellom entitetane og staten. USA og EU (representert ved den svenske EU-formannskapet) forsøkte hausten 2009 å bringe situasjo-

nen ut av dødvatnet gjennom ein serie politiske samtalar i Butmir utanfor Sarajevo. Samtalane la opp til ei pakkeløysing der oppfylling av dei såkalla 5+2-krava¹ og gjennomføring av grunnlovsreform skulle bane vegen for å avvikle høgrepresentantens kontor (OHR) og gjere Bosnia-Hercegovina styringsdyktig. Auka tempo i NATO- og EU-integrasjonen vart presentert av EU og USA som viktige insentiv for å skape nødvendig reformvilje hos bosniske styresmakter. Dei manglande resultat av Butmir-prosessen medverka difor til at det ikkje var mogeleg å skape konsensus om å tildele MAP for Bosnia-Hercegovina under det uformelle utanriksministermøtet i Brussel i desember 2009.

Bosnia-Hercegovina held fram med innsatsen for forsvarsreform med Noreg som ein viktig støttespelar. Noreg har et omfattande bilateralt samarbeid med Bosnia-Hercegovina og yter mellom anna praktisk bistand til partnerskapsprogrammet med NATO. Regjeringa ser dette som viktig for å kunne medverke til at landet vert best mogeleg integrert i partnerskapsmekanismane, slik at det vert sett i stand til å utnytte den hjelpa NATO tilbyr. Noreg har i 2009 fungert som kontaktpunktambassade for NATO i Bosnia-Hercegovina og har såleis spelt ei viktig rolle som bindeledd mellom bosniske styresmakter og NATO. I tillegg gjorde norsk personell teneste ved NATO-hovudkvarteret i Sarajevo.

EU vidareførte i 2009 det militære engasjementet i Bosnia-Hercegovina (EUFOR Althea) på eit redusert nivå.

Samarbeidet med Serbia har tradisjonelt vore avgrensa til enkelte PfP-aktivitetar, bistand til tryggingssktorreform og eit visst militært teknisk samarbeid knytt til NATOs fredsbevarande oppdrag i Kosovo (KFOR). I Serbia er NATO framleis dårleg likt som følgje av bombinga i 1999 og oppbygginga av ein ny tryggingstruktur i Kosovo (KSF). Regjeringa ser på eit stabilt Serbia med sterkest mogeleg tilknytning til euroatlantiske og regionale strukturar som ein føresetnad for varig stabilitet på Balkan. For å støtte opp om forsvarsreformene i Serbia har Noreg sidan 2006 vore leiar for eit frivillig støttefond i PfP-regi som finansierer demobilisering og overgang til sivile yrke for serbisk forsvarspersonell. Dette initiativet er viktig for å kunne gjennomføre forsvarsreformer i Serbia utan samtidig å skape sosiale problem.

¹ *Fem målsetjingar:* fordeling av statseigedom, fordeling av forsvarseigedommar, fiskal berekraft, endeleg status for Brcko-distriktet og etableringa av ein rettsstat med fokus på vedtak av justissektorreform og krigsforbrytarstrategiar. *To krav:* underteikning av SAA (gjennomført i 2008) og «positiv vurdering av situasjonen i BiH».

2009 vart eit viktig år for samarbeidet mellom Serbia og NATO. Landet fekk mellom anna på plass det første individuelle partnerskapsprogrammet (IPP), og ein eigen sendemann vart akkreditert til NATO. Samtidig varsla serbiske styresmakter at dei ønskjer å byggje opp ein fullverdig diplomatisk representasjon til NATO og på sikt også få i stand ein individuell handlingsplan (IPAP) for partnerskapen. Innanfor forsvaret fortsette reformarbeidet med vekt på modernisering og profesjonalisering. Ein ny nasjonal tryggingstrategi og ein ny forsvarsstrategi vart vedtekne, og det vart gjennomført ein strategisk gjennomgang av strukturen i forsvaret (Strategic Defence review) med forslag til vidare reformer fram mot 2015. Serbia deltok elles aktivt i EAPC og uttrykte òg interesse for å betre evna deira egne styrkar har til å samarbeide med NATO-styrkar.

7.2 Samarbeidet med Ukraina

Samarbeidet mellom NATO og Ukraina er formalisert gjennom NATO-Ukraina-kommisjonen (NUC). Intensivert dialog og praktisk samarbeid vart vidareført i 2009, både på politisk nivå og i ekspertgrupper. Ukraina deltek – som einaste partnerland – i alle internasjonale NATO-operasjonar og har òg sagt seg villig til å stille personell til disposisjon for NATOs utrykkingsstyrke (NRF).

Valet i Ukraina i januar 2010 skapte ein ny situasjon. Den nye regjeringa gjorde det klart at Ukraina ikkje har medlemskap i NATO på den politiske dagsordenen, men at samarbeidet med alliansen skal fortsetje som før og etter dei retningslinjene som ligg føre gjennom NUC.

Spørsmålet om å gje Ukraina status som kandidatland for medlemskap i NATO gjennom handlingsplanen for medlemskap (MAP) har dominert diskusjonane om forholdet mellom NATO og Ukraina dei siste åra. Dette var òg ei av dei sakene det sto størst strid om under NATO-toppmøtet i Bucuresti i 2008. Blant dei allierte er det framleis ulike syn på i kva grad Ukraina oppfyller krava for å oppnå MAP-status.

2009 blei eit rolegare år enn det føregåande for forholdet mellom NATO og Ukraina. Årsaka til dette var at stats- og regjeringssjefane under toppmøtet i Bucuresti utarbeidde eit kompromiss som vart ståande gjennom heile 2009. Ukraina og Georgia fekk løfte om at dei ein gong i framtida vil bli NATO-medlemmer dersom dei ønskjer det. Likevel vart dei ikkje tildelte MAP-status. I staden vedtok NATO å bidra med meir rådgjeving, auka hjelp og støtte til dei pågåande reformprosessane og ei styr-

king av NATOs informasjons- og liaisonkontor i Kiev. Ei ny ordning med årlege nasjonale program for reformarbeidet og samarbeidet mellom NATO og Ukraina (ANP) kom i tillegg. Dette er bakgrunnen for at toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 unngjekk nye hissigte debattar om dette spørsmålet.

Det nye samarbeidsinstrumentet, ANP, som vart teke i bruk for første gong i 2009, har vist seg nyttig ikkje minst for å strukturere reformarbeidet på ukrainsk side. I større grad enn tidlegare gjev det òg NATO eit verktøy for å måle framgang i reformprosessen i Ukraina. Sjølv om reformarbeidet gjekk framover i 2009, er det klart at ein uoversiktleg politisk situasjon og den økonomiske krisa som ramma Ukraina hardt, førte til mindre framgang enn ein kunne håpa på. For prosessen vidare vert det avgjerande i kva grad den nye presidenten i Ukraina vil følgje opp dei reformmåla som den førre administrasjonen har fastlagt.

Frå norsk side har vi lagt vekt på å vidareføre støtta til reformarbeidet i Ukraina, både bilateralt og gjennom NATO. Noreg støttar mellom anna oppbygginga av demokratiske leiingsstrukturar i forsvarssektoren. Regjeringa har dessutan vore oppteken av å bidra til konsensusavgjerder i NATO om den vidare utviklinga av NATO-Ukraina-forholdet. Noreg støtta såleis kompromissvedtaka frå 2008 og ser det som både nyttig og naturleg at NATO tek seg tid til å vurdere alle sider ved forholdet til Ukraina før det eventuelt vert gjort nye vedtak.

7.3 Samarbeidet med Georgia

Krigen mellom Georgia og Russland i august 2008 bidrog sterkt til å intensivere diskusjonane i NATO om det framtidige forholdet mellom Georgia og alliansen. Den vidare tilnærminga NATO skal ha til Georgia, vart i stor grad fastlagt gjennom siste del av 2008, og spørsmålet var difor inga hovudsak for alliansen i 2009.

Georgia fekk ikkje tildelt MAP-status i 2008, men fekk på same måte som Ukraina ein lovnad om at landet vil kunne bli medlem av NATO i fram-

tida. Med utgangspunkt i vedtaket frå det ekstraordinære utanriksministermøtet i alliansen i august 2008 vart det oppretta ein NATO-Georgia-kommisjon (NGC) etter mønster frå samarbeidet med Ukraina. Også for Georgia vart det innført eit rulle-lande årleg nasjonalt program (ANP) for reformprosessen og samarbeidet med NATO. Den første ANP-syklusen vart gjennomført i 2009, og både Georgia og NATO vurderer dette som eit konkret uttrykk for intensivert samarbeid og som eit nyttig instrument i den vidare reformprosessen.

NATO vil halde fram med den praktiske assistansen til Georgia og samtidig oppfordre til vidare grunnleggjande reformer. NATO støttar òg opp om det arbeidet andre internasjonale organisasjonar, særleg OSSE, FN og EU, gjer innanfor konflikthandtering i Sør-Ossetia og Abkhasia. Alle NATO-landa har òg gjeve klar støtte til Georgias suverenitet og territoriale integritet, og dei har på det sterkaste fordømt den russiske godkjenninga av dei to georgiske regionane som uavhengige statar. Dermed er debatten frå tida rett etter krigen lagt på is, om ikkje tilbaketilsett. Medlemslanda delte seg den gongen i to hovudgrupper: Nokre meinte at den russiske invasjonen hadde aktualisert det georgiske ønsket om og behovet for MAP, og at NATO måtte gjere meir for å støtte Georgia politisk. Andre meinte at Georgia hadde behov for omfattande politiske, demokratiske og militære reformer før MAP-status kunne bli aktuelt.

Frå norsk side har vi fortsett med å understreke at det trengst ytterlegare reformer i Georgia, ikkje minst når det gjeld utviklinga av demokratiske institusjonar og rettsstatsprinsipp. Gjennom NATO har Noreg òg ytt omfattande støtte til eit profesjonelt utviklingsprogram for sivilt tilsette i forsvarssektoren. I den overordna politiske diskusjonen om Georgia i NATO har Noreg vore aktiv i å utforme kompromiss mellom allierte, for å unngå at Georgia-krigen og dei påfølgjande diskusjonane om forholdet til Georgia og Russland skulle føre til nokon form for splitting i NATO. Noreg var mellom anna ein viktig premissleverandør for utforminga og konkretiseringa av samarbeidet i NGC.

Georgia varsla i 2009 store nye bidrag til den NATO-leidde ISAF-styrken i Afghanistan.

8 Partnarsamarbeidet

8.1 Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)

Det euroatlantiske partnerskapsrådet (Euro-Atlantic Partnership Council – EAPC) er eit politisk dialogforum der allierte og partnerland møtest for å diskutere felles tryggingpolitiske utfordringar. EAPC er samansett av 28 NATO-land og 22 partnerland i det euroatlantiske området.

Dei 22 partnerlanda som er med i EAPC, har til dels svært forskjellige interesser i forhold til NATO, og EAPC gjer ikkje vedtak. Å gjere dialogen i EAPC relevant og framtidsretta er difor ei vedvarande utfordring for alle partar. Det internasjonale NATO-sekretariatet la i 2009 ned eit omfattande arbeide for å finne fram til saksområde av felles interesse – mellom anna vart alle dei 50 landa bedne om å kome med forslag til emne dei ønskjer å drøfte i EAPC-format i løpet av inneverande år. Svært mange land svarte på oppfordringa, mellom dei Noreg med eit forslag om å sjå på nytta av kontakt mellom sivilsamfunn over nasjonsgrenser, basert på erfaringane frå Barentsregionen.

Under eit møte i APAG (Atlantic Policy Advisory Group) i EAPC-format (Bosnia-Hercegovina 29.–30.10. 2009) om partnerskapsproblematikken viste det seg å vere svært stor oppslutning om forslag med sikte på å gjere formata meir fleksible, slik at verken alle EAPC-nasjonar eller alle NATO-medlemmer nødvendigvis deltek i alle diskusjonar. APAG-deltakarane tenkte seg diverse kombinasjonar av deltakarland, justert i forhold til tematikk. Etter dette drøfta òg den politiske komiteen gjen tekne gonger utover hausten korleis diskusjonane i EAPC kan gjerast meir relevante både for NATO og dei enkelte partnerlanda og for grupperingar dei imellom. Denne debatten er ikkje slutt og vil truleg påverke partnerskapsarbeidet framover.

Partnerane i EAPC er dei alliansefrie vesteuropeiske landa (Austerrrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige), kandidatlanda Makedonia og Montenegro, dei to deltakarane i Partnerskap for fred (PfP) på det vestlege Balkan (Bosnia-Hercegovina og Serbia), dei tre landa i Sør-Kaukasus (Armenia, Aserbajdsjan og Georgia) som har individuelle samarbeidsprogram med NATO, dei fem sentral-

asiatiske landa (Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan) og Malta, Moldova, Kviterussland, Russland og Ukraina.

Blant emna som vart tekne opp i EAPC i 2009, var utviklinga i Afghanistan, arbeidet mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske farar (CBRN) og oppfølginga av FNs tryggingssrådsresolusjon 1325 (Kvinner, fred og tryggleik).

8.2 Samarbeidet med vesteuropeiske og nordiske partnerar

Dei vesteuropeiske partnerlanda Austerrrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige står på mange måtar i ei særstilling i partnarsamanheng. Dei er viktige bidragsytarar til NATO-operasjonane på Balkan og i Afghanistan og tilbyr veltrente og velutstyrte styrkar, òg til NATOs innsatsstyrkar ((NATO Response Force – NRF). Gjennom det såkalla *partnership staff element* har personell frå desse landa dei seinare åra òg kunna søkje på stillingar ved NATO-hovudkvarteret og i den militære kommandostrukturen. Dei vesteuropeiske landa bidreg i tillegg med ekspertar til faggruppene for sivil beredskap (Planning Boards and Committees) og er viktige økonomiske bidragsytarar til støttefonda NATO har i partnerlanda. Dei bidreg òg aktivt med kurs- og seminartilbod overfor NATO-land og andre partner- og samarbeidsland. Sverige og Finland var i 2009 svært aktive i den politiske dialogen med NATO og kom med verdifulle innspel.

Noreg var spesielt merksam på svenske og finske synspunkt i diskusjonen om partnerskapa. Regjeringa la vekt på ønsket deira om ei tettare inkludering i planlegging og gjennomføring av operasjonar. Frå norsk side vart det framheva som fornuftig at dei troppebidragsytande partnerane får større tilgang til relevant informasjon. Då kan dei i større grad vere med og påverke avgjerder som har konsekvensar for deltakinga i NATO-operasjonar. Det styrkjer òg motivasjonen for å stille relevante bidrag og sikre operasjonane breiare legitimitet, utan at dette får negative følgjer for rolla NATO må ha som overordna politisk ansvarleg instans.

For Finland og Sverige var deltaking i NATO-operasjonar av stor verdi i lys av behovet desse landa har for å sertifisere og øve EU-styrkar som skal delta i CSDP-operasjonar. Samarbeidet var dermed direkte nyttig for den nordiske innsatsgruppa i EU. Den finske og svenske deltakinga legg òg til rette for at bidrag til reaksjonsstyrkane til NATO får rett profil og opplæring.

8.3 Samarbeidet med Middelhavsland og Midtausten

Middelhavsdialogen (MD) omfattar Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia. Samarbeidet har som føremål å bidra til tryggleik og stabilitet i regionen, forsterke dialogen om felles tryggingpolitiske utfordringar og fremje praktisk samarbeid i forsvars- og tryggingsektoren. MD er òg eit uttrykk for eit gjensidig ønske om samarbeid i kampen mot terror.

Veksten i det praktiske samarbeidet flata ut i 2009 etter fleire år med stor vekst. Samarbeidet fortsette likevel å utvikle seg bilateralt. Jordan inngjekk ein individuell samarbeidsavtale (ICP) med alliansen, og det vart sett i gang tilsvarande forhandlingar med fleire andre MD-land. Eit eige regionalt samarbeidskurs ved Nato Defence College vart oppretta, og fleire MD-land tok kontakt med alliansen med tilbod om å delta i *Operation Active Endeavour*, NATOs antiterroroperasjon i Middelhavet. Situasjonen i Midtausten gjorde det i 2009 svært utfordrande å vidareutvikle den politiske dialogen. Det vart halde møte med MD-landa på ambassadørnivå, medan ambisjonane om høgnivåmøte ikkje lét seg realisere.

Istanbul-initiativet (ICI) er eit samarbeidsforum som vart etablert på toppmøtet i Istanbul i 2004 med Bahrain, Dei sameinte arabiske emirata, Kuwait og Qatar som medlemmer. Samarbeidet er hovudsakeleg av praktisk art og baserer seg på

årlege program som mellom anna omfattar antiterroriltak, forsvarsreform, ikkjespriing, sivil beredskap og militært samarbeid. Aktivitetsnivået i ICI fortsette å stige i 2009, men det vart ikkje inngått individuelle samarbeidsavtalar mellom NATO og ICI-landa.

Det var regelmessig kontakt på ulike nivå, både i form av besøk til regionen, besøk til NATO-hovudkvarteret og møte på ekspertnivå. I juni 2009 møttest NATO-rådet og representantar for ICI-landa. Då NATO-rådet besøkte Abu Dhabi i oktober 2009, uttrykte fleire ICI-land ønske om å vidareutvikle samarbeidet, mellom anna den politiske dialogen.

Anders Fogh Rasmussen peikte i tiltredingstalen sin hausten 2009 på partnarsamarbeidet, mellom anna samarbeidet med MD og ICI, som eit område han vil prioritere som generalsekretær. Saman med andre allierte bidrog Noreg aktivt til refleksjonen rundt framtida for ICI og MD og støtta forslag som kunne styrkje den politiske dialogen, forenkle bruken av «verktøykassa» til NATO og leggje til rette for eit samarbeid basert på felles interesser.

8.4 Globale NATO-partnarar

Globale NATO-partnarar er land utanfor Europa som ikkje deltek i dei formelle partnerskapsstrukturane, men som basert på felles tryggingpolitiske interesser og demokratiske verdiar ønskjer å delta i NATO-operasjonar og andre tryggingrelaterte tiltak eller å føre dialog om felles tryggingpolitiske utfordringar. Samarbeidet med dei globale partnarane fortsette i 2009 å utvikle seg på individuell basis. Dialogen var spesielt tett med Australia, Japan, New Zealand og Sør-Korea. Også i 2009 bidrog desse på ulike måtar til NATO-operasjonen i Afghanistan. NATO har òg i ulik grad uformell kontakt med andre land, mellom dei Brasil, Colombia, Kina, Mexico og Mongolia.

9 Samarbeidet med andre organisasjonar

9.1 Samarbeidet med EU

Samarbeidet mellom NATO og EU fikk fornya merksemd i alliansen i 2009. Generalsekretæren i NATO peikte ved tiltredinga på dette som eit høgt prioritert område, og fleire allierte la fram forslag til måtar å utvikle samarbeidet på trass i at dei tradisjonelle hindringane for framskritt er dei same som før. Ønsket om å lette tredjelandsdeltaking i operasjonar og behovet for å samordne forsvarsplan- og kapasitetsutvikling låg bak fleire initiativ. Styrkt sivil-militært samarbeid innanfor krisehandtering var òg eit gjennomgangstema i denne samanhengen. Frå norsk side følgde vi opp det nordiske initiativet frå 2008 – i tett kontakt med den svenske EU-formannskapet og sentrale NATO-allierte utanfor EU.

Likevel lukkast det heller ikkje i 2009 å bringe samarbeidet mellom NATO og EU ut av dødvatnet. Ulike haldningar til Kypros-konflikten på tyrkisk, gresk og kypriotisk side var framleis ei vesentleg hindring. Forholdet mellom Tyrkia og EU endra seg ikkje på nokon avgjerande måte og skapte heller ikkje rørsle i situasjonen.

Institusjonelt fortsette samarbeidet difor å vere avgrensa til EUs stabiliseringsoperasjon i Bosnia-Hercegovina (EUFOR Althea) og til konsultasjonar om utvikling av militære kapasitetar. Althea er den einaste operasjonen under den såkalla *Berlin Pluss-ordninga* som opnar for støtte frå NATO til militære operasjonar som er leidde og planlagde av EU. Det finst ikkje noko tilsvarende rammeverk for samarbeidet mellom KFOR og EULEX i Kosovo eller ISAF og EUPOL i Afghanistan. Dette gjer det vanskeleg å få til eit godt strategisk samarbeid når det gjeld planlegging og gjennomføring av operasjonar. Til gjengjeld finst det mange eksempel på godt praktisk og uformelt samarbeid på operasjonsnivå. Særleg tydeleg er dette i Aden-bukta der enkle pragmatiske ordningar for samarbeid og koordinering mellom NATOs *Operation Ocean Shield* og EU-operasjonen *Atalanta* er til gjensidig og allmenn fordel.

Arbeidet for å få til betre samarbeidsordningar med EU vert framleis prioritert på norsk side.

9.2 Samarbeidet med FN

Etter undertekninga av felleserklæringa frå generalsekretærene i FN og NATO under FNs generalforsamling 23. september 2008 vart kontakten mellom NATO og FN styrkt gjennom 2009. Eit synleg teikn på dette var fleire høgnivåbesøk til NATO-hovudkvarteret frå representantar for særorganisasjonane i FN. Kontakten vart òg styrkt på andre måtar: Representantar for FN vart til dømes inviterte til planlegginga av NATOs sivil-militære øving. Utvald FN-personell fekk tilbod om enkelte NATO-kurs, og det vart halde diskusjonsmøte om tilnærminga til operasjonar i land som Afghanistan og Kosovo. Derimot var det liten framgang i det strukturerte samarbeidet mellom organisasjonane. Det lét seg ikkje gjere å få på plass det planlagde sivile liaisonelementet frå NATO ved FN-hovudkvarteret, tilsynelatande av reint praktiske årsaker. Manglande kjennskap til verksemda til den andre parten er framleis ei utfordring på begge sider, og det har frå fleire hald vore uttrykt ønske om å styrkje koordineringa blant NATO-allierte i New York. Noreg la òg i 2009 stor vekt på at FN måtte styrkje nærværet og den koordinerande rolla i Afghanistan. I den samanhengen vart det peikt på at alle aktørar, mellom dei NATO og dei enkelte allierte, måtte vise vilje til å la seg samordne i praksis.

9.3 Samarbeidet med AU

Slutterklæringa frå NATO-toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 tok til orde for ei vidareutvikling av samarbeidet med Den afrikanske unionen (AU). I 2008 vart det sett fram liknande ønske av den då nyvalde presidenten for AU-kommisjonen, Jean Ping.

Samarbeidet har dei seinare åra i stor grad dreidd seg om praktisk støtte knytt til AU-oppgaget i Somalia (AMISOM). I 2009 bidrog NATO mellom anna med lufttransport av fredsbevarande styrkar, eskorte av skip og noko ekspertbistand til forvaltning og strategisk planlegging. Dette skjedde i kvart tilfelle på førespurnad frå AU. Alliansen har tidlegare òg bidrege med rådgjeving i

samband med oppbygginga av dei afrikanske beredskapsstyrkane (ASF).

Ingen nye samarbeidsområde kom til i 2009, men dialogen om utviklinga i samarbeidet fann stad utan avbrot. AU har ytra ønske om auka bistand til kapasitetsbygging, mellom anna for ASF. For NATO er det viktig at samarbeidet må vere forankra i ønska frå AU og godt koordinert med FN og andre aktørar. Budsjettomsyn var òg i 2009 ei utfordring for samarbeidet.

